



VINJE

Dato:12.11.2025

Vår referanse: 2025/1655-38

Sakshandsamar:Anne-Sofie Bergene Strømme

Internt notat

Til:


Oppsummering av innspel - mindre planendring Åmot næringsområde

Det har kome 9 innspel innan høyringsfristen 28.10.25, der 7 av dei er frå offentlege instansar. Innspela er oppsummert og kommentert under.

Namn, dato	Oppsummering av innspel	Kommentar
NVE, 21.10.25	Flaumsona ligg i arealføremål merka grønt, og ligg ikkje i næringsområde. Det gitt føresegn til flaumsona som varetek sikkerheita. Flaum er tilstrekkeleg vareteke ved planendringa.	Teke til orientering
Mattilsynet, 22.10.25	Det planlagte tiltaket ikke er i konflikt med Mattilsynet sine fagområder og har ingen innvendinger mot de framlagte planene.	Teke til orientering
Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, 24.10.25	Ingen høyringsfråsegn.	Det har ikkje vore naudsynt å kontakt statsforvaltaren ytterlegare i denne saka.
Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap, 24.10.25	DSB er fagmyndigheit etter brann- og eksplosjonsvernlova og kan fremje motsegn i plansaker som gjeld verksemdar med farleg stoff, særleg storulukkeverksemdar. Det er viktig med grundige risikovurderingar og tilstrekkeleg areal for tryggleik. DSB minner om at samfunnstryggleik må inkluderast i arealplanlegginga, og at det skal gjennomførast ROS-analyse ved planar for nye utbyggingsområde jamfør Pbl § 4-3. Brann- og redningsvesenet bør involverast tidleg i planlegginga. Per i dag har DSB ingen merknader, men dersom det seinare blir aktuelt	Kravet til ROS kjem inn når planlegg for nye utbyggingsområde. Det er vurdert at det ikkje naudsynt med ROS-analyse ved utviding av eksisterande industritomt. Kravet til samtykke frå DSB i høve etablering av hydrogenhyllestasjon er ikkje relevant i denne planendringa. Innspelet er teke til orientering, og må takast høgde for ved framtidig planlegging for hydrogenfyllestasjon eller anna farleg stoff. Planendringa er sendt til Vest-Telemark Brann og Redning IKS. Det har ikkje kome inn uttale frå dei knytt til planendringa. NVE har vurdert at føresegnene og plankartet er tilfredsstillande i høve tryggleik til flaum.

	med hydrogenfyllestasjon eller anna farleg stoff, vil det krevje samtykke frå DSB. Heile planområdet ligg i flaumutsett sone, og dette må vurderast nøye i ROS-analysen. DSB viser til sin Natech-veileder for å førebyggje ulykker med farlege kjemikaliar som fylgje av naturhendingar.	
Telemark fylkeskommune, 27.10.25	Telemark fylkeskommune vurderer at planforslaget støt opp under regionale mål om berekraftig areal- og transportutvikling, særleg gjennom etablering av fossilfrie ladestasjonar som kan redusere klimagassutslepp. Born og unge: Turvegen nord i planområdet må vere trygg og tilgjengeleg for barn og unge, i tråd med lovverk og nasjonale retningslinjer. Næring og klima: Planen bør leggje til rette for grøn næringsutvikling og lokal energiproduksjon. Det blir tilrådd å stille krav til miljøsertifiserte leverandørar og låg klimabelastning, samt fossilfrie og avfallsfrie byggeplassar. Vassdraget: Utbygging bør unngå område med naturfare, og vegetasjon langs vassdrag bør bevarast. Fylkeskommunen tilrår at føremålsgrensa til næringsområdet blir trekt utanfor flaumsona og at mest mogleg av vegetasjonen i tilknyting til vassdraget blir sikra i planlegginga. Overvatn må handterast slik at det ikkje fører til forureining. Samferdsel: Det må setjast rekkjefylgjekrav for opparbeiding og stenging av avkøyringar før nye funksjonar inne på plassen takast i bruk. Plankartet må vise oppdatert kartgrunnlag, og byggegrensa kan akseptast. Døgnkvileplassar må ha nødvendige fasilitetar som toalett.	Innspelet er teke til etterretning. Born og unge: Utviding av arealføremålet kjem ikkje i konflikt med regulert turveg ned til pumpehuset. Næring og klima: Innspelet er teke til orientering. Det vert ikkje lagt inn føresegnar knytt til dette i denne planendringa, men bør vurderast ved full rullering på eit seinare tidspunkt. Vassdraget: NVE har vurdert at føresegnene og plankartet er tilfredsstillande i høve tryggleik til flaum. Det må leggast inn føresegnar på handtering av overvatn for å avgrense avrenning og forureining av vassdraget. Samferdsel: Kommunedirektøren rår til at det blir lagt inn rekkjefylgjekrav for opparbeiding og stenging av avkøyringar før nye funksjonar inne på plassen takast i bruk. Stengeteikn på eksisterande avkøyrslar leggast inn i plankartet. Naudsynte fasilitetar som toalett vert sikra i føresegnene og knytt til rekkjefylgjekrav.

	Plankartet må framstillast slik at ein kan sjå oppdatert kartgrunnlag (eksisterande bygningar, avkøyringar med meir) «under» plandata.	
Stig Ronny Tveiten 17/1, 26.10.25	Grunneigar på Brubakk ser stort potensial i eigedomen sin nær Åmot sentrum, spesielt for sal av gardsprodukt og styrking av drifta med kjøttproduksjon og ved. Det er allereie godkjent bygging av reiskapshus, og skogrydding er starta med planlagt tomtarbeid i 2026. Grunneigaren er generelt positiv til reguleringsendringane, men har nokre krav: • Arealet må verdivurderast likt med andre næringsareal i planen. • Avkøyringa til eigedomen ved Brubakk må oppgraderast etter Statens vegvesen sine krav, og kostnaden skal dekkast av utbyggjar. • Overskotsmasser frå tiltaket leverast til eigedomen for bruk til tomt for reiskapshus og ev. flaumsikring.	Kommunedirektøren rår til at utvidinga av arealføremålet blir avgrensa til eigedomsgrensa for Vinje kommune 11/16. Innspela knytt til eigedom 17/1 er difor ikkje aktuelle å vurdere lenger då planendringa ikkje vert omfatta av denne eigdommen. I høve avkøyring til Brubakk er det ingen framlegg til endringar her, og kravet om oppgradering av avkøyring er utanfor verkeområde for planendringa og blir ikkje kommentert ytterlegare. Tomtepris og avtale i høve mottak av overskotsmasse er ikkje relevant då arealet vert avgrensa til kommunen sin eigedom 11/16, og eigedomen 17/1 ikkje vert råka av tiltaket og planendringa.
Vinje kommune v/teknisk, drift og infrastruktur, 27.10.25	Kommunen må ha tilkomst til pumpestasjonen med ein renovasjonsbil. Det bør planleggast for offentleg toalett.	Innspelet er teke til etterretning. Det er teke omsyn til at det er tilkomst til pumpehuset i planlegginga av tiltaket. Det blir lagt inn i føresegnene at tilkomst til pumpehuset for renovasjonsbil skal skje gjennom industriområdet, og at dette må gå fram av situasjonsplan til søknaden.
Statens vegvesen, 27.10.25	Saka treff fleire av ansvarsområda til vegvesenet. Etablering av fleire kvileplassar og ladestasjonar for tunge køyretøy er eit viktig fokus i ny Nasjonal transportplan. Statens vegvesen har ingen merknader til sjølve planendringa, men ynskjer å peike på nokre forhold knytt til bruk av området som døgnkvileplass og tungbillading: • For å få godkjenning som døgnkvileplass med skilt og registrering i NVDB, må visse	Ferdsle frå skuleborn er ikkje relevant frå krysset og ned til næringstomta, då det ikkje er bustader på denne strekka. Skuleborn lenger unna får skuleskyss. Området kring Brubakk er derimot mykje bruka av born og unge knytt til turløyper, skiløyper og skibakken som har organisert skiheis på vinteren. Born og unge blir stort sett køyrd ned til Brubakk og dette området har naudsynt parkering til det føremålet. I skissa under er det synt regulert gs-veg, turveg og gangmønster for mjuke trafikkantar frå Brubakk til Åmot sentrum. Dette er vurdert som tilfredsstillande. Når ein legg til

	krav i Handbok N300 og V136 oppfyllest. - Tiltaket vil truleg føre til auka tungtrafikk gjennom krysset mellom E134 og Fv38, og på fylkesvegen fram til kvileplassen. Krysset kan handtere trafikken under normale forhold, men på vinterføre kan det bli behov for forsterka drift. - Det er viktig med trygg gangtilgang til servicetilbod i Åmot, då sjåførar ofte ynskjer andre aktivitetar enn berre kvile ved langt opphald. Auka tungtrafikk kan påverke mjuke trafikantar, som skulebarn, og det manglar tilrettelegging for gåande og belysning sør for Åmot bru. Vegvesenet vil ikkje rå til at ein gjeng vidare med planen før trygt gangmoglegheit til Åmot sentrum er vurdert nærare.	rette for ladestasjon og kvileplassar for tungtransport vil det vere eit behov for trygg tilkomst frå industritomta for mjuke trafikantar. For å sikre ein trygg ferdsle frå industritomta til Brubakk, rår kommunedirektøren til at dette sikrast i føresegnene ved at situasjonsplan til søknaden må syne gangmønster. I plankartet er det lagt inn turveg frå tomta til trygt kryssingspunkt til Brubakk. 
KRR Eigedom AS 16/12, 28.10.25	KRR Eigedom AS er positive til den føreslegne mindre endringa av reguleringsplanen for eigedom gnr./bnr. 16/12, som dei i dag eig. Dei ynskjer likevel å få avklart nokre forhold knytt til vidare prosess: - Dersom reguleringsendringa blir godkjent, men Supercharge AS ikkje overtek eigedomane som planlagt, ynskjer KR Eigedom AS å få vurdert moglegheita for å kjøpe det arealet mot elva som inngår i planforslaget. - Det er i dag to innkøyringar til området, medan reguleringsplanen viser éi ny avkøyring. KRR Eigedom AS ber om at Vinje kommune tek ansvar for å etablere denne avkøyringa i tråd med planen, slik at området kan oppgraderast og få ei meir ryddig utforming.	Tomtesal er tilhøve som ikkje blir vurdert i planendringa, og blir ikkje kommentert ytterlegare i denne saka. I gjeldande reguleringsplan er det ein avkøyrsel. I føreslege planendring er det framlegg om to avkøyringar. Eksisterande avkøyrslar som ikkje er regulert blir synt med stengeteikn i plankartet, og tilhøyrande rekkjefylgjekrav i tråd med innspelet frå fylkeskommunen. Det er tiltakshavar som må etablere avkøyringane i tråd med reguleringsplanen og rekkjefylgjekrav.